

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 15/2006

Møtedato: 01.02.06

Arkiv nr: S 754

S 754, Føsseistøl – søknad om anneks til kårsel

Geir Kår Opheim søker om å få føre opp eit anneks på stølen. Annekset er på 20 m² og er tenkt plassert ved kårselet. Noverande vedskjul/do skal rivast og nytt bygg plasserast på denne tomta. På stølen er det frå før sel på 59 m² og kårsel på 70 m².

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog utalar at dei meiner det ikkje skulle vera nødvendig med anneks i forbindelse med stølsdrifta når stølen har to sel.

VEDTAK:

Fjellstyret er samd med at ein kan ikkje så at det er behov for anneks når det er to sel på stølen og finn ikkje å kunne godkjenne søknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Geir Kåre Opheim
Statskog
Vestre Slidre kommune